

Til medlem av programrådet

Dato:

REFERAT FRÅ PROGRAMRÅDSMØTE, PSYKOLOGISK INSTITUTT

Dato: 14.03.2023

Stad: Møterom N202

Tid: Kl. 12.00-14.00

Til stades: Pål Ulleberg, Inger Selvaag, Kristin Gustavsson, Hedvig Rønning, Ylva Østby Berger, Jostein Eikrem Koløen, Vibeke Moe.

SAKSLISTE:

O-sak 04/23	Orienteringar Utdanningsleiar orienterte om: <ul style="list-style-type: none">- Ny fellestekst for heimeeksamen utarbeidd av Det samfunnsvitenskaplege fakultet: «Alle hjelpemidler er tillatt, men det er ikke tillatt å generere hele eller deler av eksamensbesvarelsen ved hjelp av AI-verktøy som Chat GPT eller liknende.»- Eksamensavvikling hausten 2023. Psykologisk institutt har valt å ikkje legge om eksamensform for våre emne. Vi må ha eit aktivt forhold til ny teknologi, samstundes er reglane for kjeldebruk og referansar framleis gjeldande. Dette gjeld ikkje minst punktet om at «Oppgåva di skal være ditt eige, sjølvstendige arbeid og resultatet av eiga læring og eigen arbeidsinnsats.» https://www.uio.no/studier/eksamen/kildebruk/- Kunstig intelligens vil bli eit tema på undervisningsfrukost og personalkonferansen 15. juni.- Status for periodisk programevaluering. Institusjonsbesøk frå ekstern komité er planlagt i midten og slutten av mai for høvesvis profesjonsprogrammet og årseining, bachelor- og masterprogrammet.- Klager frå Norsk Målungdom om manglande etterleving av paragraf §2: <i>Som hovudregel skal eksamensoppgåver i andre fag enn norsk, gitt på norsk mål, liggje føre i begge målformer.</i> Administrasjonen har på bakgrunn av dette utbetra rutinar og vil ha behov for at eksamensoppgåver blir tilsendt i god tid for å sikre å ha tid for både omsetjing og kvalitetssikring frå emneansvarleg.
O-sak 05/23	Nytt frå læringskontaktane ved PSI Ylva Østby Berger orienterte om

	<ul style="list-style-type: none"> - arbeidet til læringskontaktane. Det har handla mykje om kunstig intelligens. EILIN og læringskontaktane har hatt seminar om temaet og korleis det kan nyttast i studieteknikk. - fristar frå EILIN i mars. 1) Søkornmidlar: https://www.sv.uio.no/eilin/undervisningsstotte/s%C3%A5kornmidler.html 2) LINK-timar: https://www.sv.uio.no/eilin/undervisningsstotte/linktimer.html 3) Starter kit: Teaching as a PhD candidate: https://www.uio.no/for-ansatte/enhetssider/sv/aktuelt/nytt-fra-eilin/starting-kit-teaching-as-a-phd.html - nytt frå Fagrådet for SK-ITU. - undervisningsfrukost som fortsett framover.
V-Sak 06/23	<p>Innføring av obligatorisk observasjonspraksis Inger Selvaag informerte om arbeidet med observasjonspraksis og samarbeidet med Modum bad.</p> <p>Programrådet vedtok å innføre observasjonspraksisen som ein obligatorisk aktivitet i PSYC1302. Denne aktiviteten må være gjennomført før studenten kan gå opp til eksamen i emnet. Programrådet peikar samstundes på at det bør etablerast ei kompensierende ordning for studentar ved sjukdom.</p>
V-sak 05/23	<p>Justeringar i emneskildringa for Klinisk fordjuping på tvers.</p> <p>Ole Andre Solbakken orienterte om det nye emne for 11. og 12. semester på profesjonsprogrammet.</p> <p>Programrådet vedtok føreslått endring i emneskildringa for PSYC6340 – Klinisk fordjuping 2, med presisering av forsvarleg anonymisering. Programrådet vedtok vidare å slå saman PSYC6340 emnet med PSYC6330 – Klinisk fordjuping 1 frå og med våren 2024.</p>
D-sak 07/23	<p>Diskusjon om Kunstig intelligens og eksamen Programrådet hadde en diskusjon rundt utfordringar og moglegheiter ved Kunstig intelligens i undervisning og eksamen.</p>
Eventuelt	

Vibeke Moe
Utdanningsleiar

Jostein Eikrem Koløen
Adm. Studieleiar